



Ø^|[ Æ ç^|çæ ã \* ÁÁ|ç^|Á \* Á^|\ \ æ  
ãÙç^ã \ b^|E^\* ã } ÁÁGEEJ



## Innleiing

*Gyrodactylus salaris* har no vore i Steinkjervassdraget og Figga sidan slutten av 1970, og ein har hatt fleire rotenon- og aluminiumsbehandlingar, men ein har enno ikkje vorte kvitt parasitten. Det er grunn til å tru at den låge saliniteten under flaumperiodar og korta avstandane gjer at lakseungar kan vandre mellom vassdrag og såleis infisere andre vassdrag i Beitstadfjorden med parasitten.

I 2006 vart det utvikla eit overvakingsprosjekt over bekkar og elver som drener ut i Beitstadfjorden. Prosjektet har vore under utvikling, men har allereie oppdaga interessante funn. Det vart i funne fargemerka Ogna-laks i elva Folla i Follafoss, som viser at vandring under optimale forhold kan forkomme. Ein har òg sett fleire vandringar til vassdrag utan eigna laksestammar, utan at ein kan stadfeste kor denne laksen kjem frå.

Forutan Steinkjervassdraget og Figga er det berre Tangstadelva i Verran kommune og Moldelva i Steinkjer kommune som har eigne laksestammar rundt Beitstadfjorden.

Det var i oktober 2008 satt i gang første del av ei dobbelbehandling av Steinkjervassdraget og Figga, denne behandling var ei fullskala rotenonbehandling. Siste del av behandlinga vart gjort i september 2009. Det var òg tatt ei kontrollbehandling i juli 2009 på enkelte stadar i Ogna, det var då slept ut rotenon frå Rølla bru, Ogna bru og Håkkadalsbrua. I denne behandlinga ville ein, grunna låg vassføring, ha stor moglegheit til å finne eventuelle lakseungar som hadde sloppa unna rotenonbehandling i 2008.

## Metode

Innsamlinga av fisken vart gjort med el-fiskeapperat (Type Paulsen, Terek oppgradering), men motstaums fisking. I små bekkar vart det fiska på ein lokalitet i opptil 30 minutt eller til ein kom til vandringstengsel. I dei største elvane vart det fiska på lokalitetane i opptil 45 min. Det var fiska på fleire lokalitetar i nokre elver. Det vart etter kvart bestemt at ein ikkje skulle ha like mange lokalitetar i Ogna som åra før, då sannsynlegheita for å finne fisk vart vurder som særslit. I Ogna hadde vi difor fire lokalitetar. Vi fekk òg tatt Ogna nøye i kontrollbehandlinga i juli 2009. I Moldelva vart det fiska på tre lokalitetar og i Gladsjøelva to.


All fanga fisk vart rapportert, òg andre artar enn laks. Men det var berre lakseungane som vart lagt på 95% sprit for så å verte sendt inn for analyse. Analysane vart gjort ved Veterinærinstituttet i Oslo.

Grunna planlagt rotenonbehandling vart de berre fiska ein periode, frå 31. mai til 10. juni.




Vandhåggåbekken, Verran kommune. Foto: Anveig N. Wist

Kart 1 Oversikt over alle undersøkte elver og bekkar rundt Beitstadfjorden



Kart 2 Oversikt over Steinkjervassdraget og Figga



Tabell I Resultat 2009

Lokalitet	Dato	Vassføring	Aure	Laks	Andre	Gyro påvist
OGNA						
Ogna bru	11.jul	Middels	0	0		
Rølla	11.jul	Middels	0	0		
Brandseggbrua	10.jul	Middels	0	0		
Limrisenget	10.jul	Middels	0	0		
STEINKJERELVA						
v/ Håkkådalsbrua	11.jul	Middels	1	0	Fann stingsild	
FIGGA						
v/ sperre	02.jul	Middels	6	0	1 stingsild	
BEKK F. FRØSETVATNET	15.jun	Middels	0	0		
HEMBREBEKKEN	15.jun	Middels	0	0		
HENGJAELVA	09.jun	Middels	1	0		
KJERKNESVÅGELVA	09.jun	Middels	8	0	5 stingsild	
LANGENELVA	15.jun	Middels	0	0	Ei stingsild	
LETNESVÅGELVA	15.jun	Middels	0	0		
FØLSTADBEKKEN	09.jun	Middels	0	0		
GRANDEBEKKEN	09.jun	Middels	0	0		
HOGNESBEKKEN	09.jun	Middels	0	0	2 stingsild	
LANGDALSBEKKEN	09.jun	Middels	1	0		
VIKAVATNBEKKEN	08.jun	Middels	3	0		
HOVDBEKKEN	08.jun	Middels	4		Mykje 0+ av aure	
SØRVÅGELVA	31.mai	Middels	29	0	Ein del stingsild og skrubbeflyndre	
TANGSTADELVA	12.jun	Middels	17	23	1 skrubbeflyndre	Nei
RAUDMOLDELVA	08.jun	Stor	0	0		
MOLDELVA,VERRAN	08.jun	Stor-middels	13	0		
VOLLSETELVA	12.jun	Middels-stor	10	4		Nei
TUNSELVA	12.jun	Middels	6	0		
FOLLAELVA	10.jul	Regulert	22	0	ein ål- 50-60 cm	

Lokalitet	Dato	Vassføring	Aure	Laks	Andre	Gyro påvist
SAGBEKKEN	31.mai	Middels-liten	7	0		
VADABEKKEN	31.mai	Middels-liten	1	0	5 stingsild	
KIRKREITBEKKEN	31.mai	Middels-liten	5	0		
BRATREITELVA nedre	12.jun	Middels	36	0		
RESSEMELVA	6.jun		375	1		
LANDSEMBEKKEN	31.mai	Middels	7	0	skrubbeflyndre og stingsild	
VANDHÅGGÅDALSBEKKEN	31.mai	Middels	0	0		
GLADSØELVA nedre	01.jul	Middels	13	0		
øvre	01.jul	Middels	35	0		
MOLLELVA						
Jønnum	10.jul	Middels-liten	9	9		Nei
Hattinghus	10.jul	Middels-liten	6	10		Nei
Moaunet	10.jul	Middels-liten	8	11		Nei
KVARVINGBEKKEN	01.jul	Middels	8	0		
TESSEMELVA	01.jul	Middels	8	0		
MARKHUSBEKKEN	01.jul	Middels	3	0		
VISETBEKKEN	01.jul	Middels-stor	0	0	2 stingsild og skrubbeflyndre	
LÄKTUELVA	01.jul	Middels	0	0	Enorme mengder stingsild	
ALFARBEKKEN	01.jul	Middels	0	0		
LUNDELVA	01.jul	Middels	12	0	Ein del stingsild	

Ved el-fisking var det funne laks på alle tre lokalitetane i Moldelva, og i Tangstadelva og Vollsetelva. Det var ikkje påvist smitte av *G.salaris* på nokon av fiskane. Til saman vart det funne 654 aure og 58 laks ved el-fiskinga. Samstundes vart det funne trepigga stingsild, skrubbeflyndre og ein ål i Folla.


Ved kontrollbehandlinga i Ogna vart det funne 16 årsyngel i lokaliteten Leirhølen og 38 årsyngel i Hornemann. Til saman vart det då funne 54 årsyngel av laks, ingen med påvist smitte av *G.salaris*.

**Litteratur:**

Kristiansen, S.A. og Rikstad, A. 2006. Fiskeundersøkelser i vassdrag i Steinkjerregionen 2006. Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 7- 2006. 26 s.

Rikstad, A. Kristiansen, S. og Guttvik, K. T. 2008. Gyro-overvåkning i elver/bekker i Steinkjer-regionen 2007. Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 3- 2008. 9s.

Wist, A.N. og Rikstad, A. 2009. Gyro-overvaking i elver og bekkar i Steinkjer-regionen 2008. Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 3-2009. 8s.



Fylkesmannen i Nord-Trøndelag  
Strandveien 38, 7734 Steinkjer

Tlf: 74 16 80 00 - Faks: 74 16 80 53  
[postmottak@fmnt.no](mailto:postmottak@fmnt.no) - [www.fmnt.no](http://www.fmnt.no)